



BLÅKLOKKA BARNEHAGE AS  
Melandsvegen 38  
5918 Frekhaug  
Org.nr.990 766 746  
e-post: [styrer.blaklokka@barnehage.no](mailto:styrer.blaklokka@barnehage.no)  
tlf: 56170808/ 41 47 44 10

Meland Kommune

211212

**Avtale rundt godkjenning av talet på barn i Blåklokka barnehage.**

I godkjenninga av Blåklokka barnehage som var gitt i 2008, var barnehagen godkjend for 85 barn under 3 år eller 118 barn over 3 år. Barnehagen har vore driven med ei blanda aldersgruppe basert på behov for barnehageplassar, og høve for fysisk tilrettelegging.

I juni 2011 vedtok Kommunestyret i Meland kommune å utvida avtalen om driftsmidlar med 16 heildagsplassar for barn under 3 år, eller 24 heildagsplassar for barn over 3 år. Dette var gjort etter søknad om påbygging av Blåklokka barnehage. Dette har auka kapasiteten vår til godkjenning av 101 barn under 3 år, eller 142 barn over 3 år.

Påbygget er ferdig og godkjent. Arealmessig har Blåklokka sin eigen pedagogiske filosofi som krev ein del fellesareal i tillegg til basane barna høyrer til. Vi er så heldige at vi har eige tilrettelagt kunstrom, musikkrom, og mediatek. Vårt mål er ikkje å presse så mange barn inn som muleg, men å ha ein god balanse mellom barn, plass, personale og økonomi.

For at alt dette skal balansera, og for at Meland kommune skal ha ein forutsigbarhet i driftstilskot tildeling, foreslår vi at vi sett eit tak på 120 barn i Blåklokka i perioden 2012-2015.

Desse 120 barna kan då ha varierende størrelse plass,(40-100%) og varierende alder, (0-6 år) i høve til dei behov brukarane i bygda har for barnehageplass.

Det må vera ein gjensidig forståing mellom Meland kommune og Blåklokka barnehage at denne avtalen må opp til forhandling før budsjett for 2016 er vedtatt, og vidare vil bli forhandla kvart 3. år.

**R.N.Sletten**  
**For Blåklokka barnehage AS**



**BLÅKLOKKA**  
Blåklokka barnehage  
Melandsvegen 38  
5918 Frekhaug  
Tlf: 56 17 08 08